



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7935 - 15/17

Saksbehandlar:
Inger Opheim Hindenes
inger-opheim.hindenes@lindas.kommune.no

Dato:
02.01.2015

Førerels melding om motteken byggjesak. FVL § 11 - Gbnr 137/747 Alver

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.12.2014 og saka har saksnummer 14/7935.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter.

Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

| Sakstype | Tidsfrist |
|---|-----------------------|
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2, som ikkje medfører dispensasjon frå plan. | 12 veker |
| Søknad om dispensasjon frå plan eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2 som krev dispensasjon frå plan | Ikkje lovpålagt frist |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker |
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-2, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er | 3 veker |



| | |
|---|----------|
| nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve ikkje rekna som gjeve. Arbeidet kan ikkje setjast i gang. | |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve. | 12 veker |
| Søknad om igangsetting | 3 veker |
| Søknad om ferdigattest der komplettsøknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk. | 3 veker |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplettsøknad er sendt inn. | 3 veker |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Inger Opheim Hindenes
administrasjonssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Camilla Marøy og Vegar Sætre Skanselien 21 5031 BERGEN